



## Veka 34, 31. august 2022

19 var til stades på møtet denne kvelden. Det var ingen gjester og ingen med bursdag denne veka.

**President Anne Wiik Stamsø** opna møtet med det djupsindige diktet »Snigelen« av Olav H. Hauge (1908–1994), eit dikt han skal ha skrive i 1951.

Deretter orienterte ho om den nye parkeringsordninga ved hotelllet. Vi kan parkere gratis i to timer, men står vi der i to timer *og eitt minutt*, må vi betale for tre timer. Alle påbegynte timer tel som heile.



Elva Tigris, sumerisk 𒂗𒀭𒂘𒅻

### Snigelen

Snigelen skrid yver vegen  
 med augo på stett.  
 Han gjev svarten  
 i farten  
 berre leidi er rett.

Olav H. Hauge

Halvor Thommesen er framleis på sjukehuset – men det går framover med han.

**Rolf Heimdal** heldt eit Tigris-innlegg om besøk på ein bensinstasjon i kjeda Circle K.<sup>1</sup> Der såg han ein tømmerbil som fylte 400 liter på tanken – og rekninga kom på kr 9700,00. Rolf var glad han ikkje køyrd tømmerbil!

**Kari Herder Kaggerud** orienterte oss om Rotary Leadership Institute (RLI), som Distrikt 2290 arrangerer i haust. Påmeldingsfristen er 10/10. Over 50 har vore med sidan D2290 starta med RLI i 2017, og mange fortel om stort utbytte. Kari nemnde fire viktige grunnar til å satse på RLI:

- Utvikle ressurspersoner med god kunnskap om lederskap og om Rotary.
- Skape engasjement og økt aktivitet i klubben.
- Gi rotarianere i ulike aldergrupper nye nettverk i Rotary.
- Få medlemmer som gjør en forskjell i klubben og som trekker til seg nye, aktive medlemmer.

Den siste halvtimen gjekk med til **komitemøte**.

Rolf Theil, Langesund, 2.09. 22

<sup>1</sup> Rolf lurte på kva namnet *Circle K* kom av. Her er eit svar: Entrepreneur Fred Hervey purchased three Kay's Food Stores in El Paso, Texas, in 1951. Hervey renamed the stores as *Circle K Food Stores, Inc.* rather than *Kay*. He grew the Circle K chain into neighboring New Mexico and Arizona, which has been the company's home base since 1957. (Hervey would go on to serve two terms as mayor of El Paso.) As of February 2020, there are more than 14,800 stores with the *Circle K* brand worldwide. [frå engelsk Wikipedia.]